

MAL for prisavtale om aksept av periodeprodukt
inngått mellom
VESTFOLD og TELEMARF FYLKESKOMMUNE (VTfk)
og
Busselskap AS (Selskapet)

for fylkesgrensekryssande ekspressbussruter på strekningane:

- **Haukeliseter – Seljord – Notodden – Kongsberg (E134)**

frå 01.03.2021 til 31.12.2021

Bakgrunnen for avtala er mål om gjennomgåande billettering for kollektivreiser, og som eit supplement til lokaltrafikk tilbodet som utførast av rutebilselskapa for VTfk. Avtala gjev ikkje einerett til oppgjer frå VTfk på strekninga.

Følgjande prisar er avtala for reiser med periodeprodukt/skulereisekort:

Periodeprodukt	Pris/rabatt
Barn-, honnør-, ungdoms-, student-, UngVoksen- og voksen periodeprodukt	Enkeltbillett voksen per reise etter Selskapet sitt gjeldande takstregulativ for ruta med 20 % rabatt.
Skulereisekort VGS – elevar, tinga av VTfk	Ordinært voksen periodeprodukt x 10 månader.
Skulereisekort grunnskuleelevar, tinga av kommunane	Kommunane betalar barn enkeltbillett per reise etter Selskapet sitt gjeldande takstregulativ for ruta.
Selskapet kan selje VTfk sine periodeprodukt	Selskapet skal ha 10 % provisjon av salet.

Fakturering:

Selskapet skal ha eit billettsystem som les VTfk sine elektroniske periodeprodukt. Oppgjeret blir utbetalt etterskottsvis på bakgrunn av faktura vedlagt statistikk. Faktura eller vedlegg til denne, skal innehalde tal på registreringar av ulike periodeprodukt, og kva strekning kunden reiste, samt tal på VTfk sine ulike periodeprodukt seld av Selskapet som går til frådrag på faktura. Det skal sendast faktura kvar månad. Krav eldre enn tre månader er forelda.

Rapportering:

Som følge av VTfk sitt ansvar for rapportering, skal Selskapet sende oversikt over totalt tal på reisande omfatta av denne avtala til VTfk kvar månad, innan den 15. i påfølgjande månad. Tal på faktisk utførte reiser for grunnskuleelevar og vidaregåande elevar som reiser med skulereisekort, skal rapporterast og spesifiserast på strekning kvartalsvis og årleg, seinast 15. januar året etter.

Selskapet og VTfk har ei gjensidig plikt til å dokumentere ovanfor tredjepart at kompensasjonen / prisen per reise samla sett ikkje gjev overkompensasjon som er i strid med EØS regelverket. Det er utarbeid eige skjema som skal fyllast ut før avtaleinngåing, og etter årsavslutning kvart år. Skjemaet skal attesterast av Selskapet sin revisor.

Eventuell overkompensasjon som er i strid med EØS regelverket skal betalast attende til VTfk.

Overføring av avtale:

Det står VTfk fritt å overføre avtala til den som til ein kvar tid har ansvaret for kollektivtrafikken i Vestfold og Telemark. Selskapet kan ikkje krevje forhandling om innhaldet i avtala i slike høve.

Selskapet kan ikkje overdra sine rettar og plikter etter avtala eller delar av den, utan at VTfk på førehand har gjeve skrifteleg samtykke.

Skien den

..... den.....

Vestfold og Telemark fylkeskommune

Busselskap AS